



Innkalling
av
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 18.05.2017
Møtestad: Osterøy rådhus - konferanserommet
Møtetid: 12:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast til Turid Reigstad per tlf. 56192100, sms til eller per epost til turid.reigstad@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
004/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/17	Godkjenning av møtebok
006/17	Referatsaker og meldingar

10. mai 2017

Kåre Hagebø
møteleiar

Turid Reigstad
sekretær

Sektorleiar Nina Kvamme vert med i starten av møtet. Ho vil presentera Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheimen. Ho vil og svara på spørsmål frå rådet.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	18.05.2017

Saksbehandlar		ArkivsakID
Turid Reigstad		17/1093

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	18.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Turid Reigstad	17/1093

Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.04.2017

Møteprotokoll frå vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.



Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 04.04.2017
Møtestad: Osterøy rådhus - formannskapssalen
Møtetid: 13:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Eide		Medlem
Knut Tormod Bruvik		Medlem
Kåre Hagebø		Utvalseiar
Vidar Pedersen		Medlem
Åse Olsnes		Nestleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Aksel Låstad		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Utvalssekretæren.
Sektorleiar helse, omsorg og sosial var til stades i delar av møtet.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Godkjenning av møtebok
003/17	Referatsaker og meldingar

001/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

04.04.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

RFF - 001/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

002/17: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 24.11.16 vert godkjend.

04.04.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 24.11.17.

RFF - 002/17 VEDTAK:

Møtebok frå 24.11.17 vart godkjend.

003/17: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

04.04.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Melding nr. 1 - Årsmelding 2016 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Osterøy

Rådet gjorde slikt samrøystes vedtak:

"Årsmeldinga vert vedteken slik den litt føre. Årsmeldinga vert å leggja fram for heradsstyret som melding."

Melding nr. 3 -Vedkomande parkering i området ved Valestrand legekonor

Etter drøftingar gjorde rådet slikt samrøystes vedtak:

"Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne viser til brev frå Osterøy revmatikarlag av 08.02.17, og ber om at det vert sett opp skilt om reserverte plassar til parkering for besøkjande til legekantoret på Valestrand."

Melding nr. 5 - Innsjill om sak hjelpemiddelordning i kommunene - høring nasjonalt

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Osterøy sluttar seg samrøystes til slikt forslag til innstilling:

"Kommunen mener retten til hjelpemiddel fortsatt skal ligge i folketrygden med et statlig finansieringsansvar og et nasjonalt formidlingsstystem for faglig rådgivning og utlån av hjelpemidler. Dette vil sikre funksjonshemmede tilgang til nødvendige hjelpemidler på alle livsområder slikt at grunnleggende menneskerettigheter blir ivaretatt."

Retten til hjelpemidler må ikke være avhengig av geografisk bosted og kommuneøkonomi. Staten bør forbedre hjelpemiddelformidlingen ved å styrke kommunenes ergoterapitilbud og rehabilitering, utvikle bedre IKT-løsninger og gjøre forenklinger.

At innbyggere, gjennom folketrygden, er sikret hjelpemidler som kompenserer for funksjonsnedsettelse vil ha betydning for et levende lokaldemokrati der alle kan delta."

RFF - 003/17 VEDTAK:

Med desse merknadene vart referatsakene tekne til vitande.

Andre saker:

- Knut Tormod Bruvik tok opp sak om gangsti mellom busslomme ved sjukeheimen og OPRO. Etter drøftingar gjorde rådet slikt samrøystes vedtak:
«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det vert etablert gangsti mellom fortauet ved busslomma utanfor Osterøy sjukeheim og OPRO, og at denne stien vert brøyta og strødd ved behov.»
- Ny sektorleiar helse, omsorg og sosial Nina Kvamme, var til stades i delar av møtet. Ho orienterte om plassituasjonen på Osterøytunet. Ho orienterte og om arbeidet sitt så langt og kva tankar ho har framover. Ho svarte og på spørsmål frå rådet.

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart desse valde: Atle Eide og Knut Tormod Bruvik.

Lonevåg, 05.04.17

Turid Reigstad
Utvalsesekretær

Kåre Hagebø
leiar

Atle Eide

Knut Tormod Bruvik

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	18.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Turid Reigstad	17/1093

Referatsaker og meldingar

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
1	17/8967 Høyringsbrev - Lokal forskrift om tildeling av langtidsplass i institusjon

Saksnummer	Tittel
2	Etablering av gangsti mellom busslomme ved sjukeheimen og OPRO

Saksnummer	Tittel
3	Vedkomande parkering i området ved Valestrand legekantor

Saksnummer	Tittel
4	Innspill om sak hjelpemiddelordningen i kommunene - høring nasjonalt

"Referatsakene vert tekne til vitande."

Saksopplysningar:

Fra: Nina Marie Kvamme
Sendt: 4. mai 2017 13:53
Kopi: Post Osterøy
Emne: 17/8967 Høyringsbrev - Lokal forskrift om tildeling av langtidsplass i institusjon
Vedlegg: Høyringsbrev - Lokal forskrift om tildeling av langtidsplass i.docx.pdf;
Høyringssak - Lokal forskrift tildeling av langtidsplass i institusjon.docx.pdf;
Høyringsinstansar - høyring om forslag til forskrift for tildeling av lan.docx.pdf; Forslag til Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon.docx.pdf

Sjå vedlegg



KOPI

Osterøy kommune
v/Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/878 - 17/8967

Saksbehandlar:
Nina Marie Kvamme
nina.kvamme@osteroy.kommune.no

Dato:
04.05.2017

Høyringsbrev - Lokal forskrift om tildeling av langtidsplass i institusjon

I formannskapsmøte 3.mai 2017 vart det vedteke å legge ut lokal forskrift om tildeling av langtidsplass i institusjon ut på høyring.

Høyringsfrist er sett til **4.juni 2017**.

Merknader og innspel kan sendast på epost til postmottak@osteroy.kommune.no, eller per post til Rådhuset, Rådhusplassen 5282 Lonevåg. Merk konvoluttet med høyring lokal forskrift langtidsplass.

Høyringssvar kan og sendast elektronisk via heimesida til Osterøy kommune, www.osteroy.kommune.no

Dokumenta ligg og ute til gjennomsyn på biblioteket i Lonevåg, og på servicetorg.

Med helsing

Nina Marie Kvamme
Einingsleiar institusjonsavdelinga

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Høyringssak - Lokal forskrift tildeling av langtidsplass i institusjon

Høyringsinstansar - høyring om forslag til forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Osterøy kommune


Forslag til Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon

Kopi til:

FAGFORBUNDET	Rådhuset	5282	LONEVÅG
FELLESORGANISASJONEN	Bysheimkleivane 28	5282	LONEVÅG
NORSK SYKEPLEIERFORBUND Osterøy kommune	v/Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	5281	VALESTRANDSFOSSEN

Mottakar:

Bruvik helselag v/Aslaug Gjerstad		5285	BRUVIK
Fotlandsvåg helselag v/Jan Roald Myking		5283	FOTLANDSVÅG
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hamre helselag v/Johannes Haugland		5281	VALESTRANDSFOSSEN
Hauge helselag v/Esther Halland			
Hjellvik helselag v/Atle Reidar Eide		5281	VALESTRANDSFOSSEN
Hosanger helselag v/Solveig Hole		5282	LONEVÅG
Lonevåg helselag v/Tove Ludvigsen		5282	LONEVÅG
Lonevåg legesenter v/fastlegane		5282	LONEVÅG
Osterøy demensforening v/Vigdis Fossheim		5286	HAUS
Osterøy pensjonistlag v/Helge Mjelde			
Valestrand helselag			
Valestrand legesenter v/fastlegane		5281	VALESTRANDSFOSSEN



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Sektor for helse, omsorg og sosial	Nina Marie Kvamme
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 17/878
		Klassering:

Høyrings sak - Lokal forskrift tildeling av langtids plass i institusjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift for tildeling av langtids plass i institusjon blir lagt ut til offentlig høyring med høyringsfrist 04.06.2017.

Etter høyringa blir forskrifta lagt fram for endeleg vedtak i heradstyret.

Forskrifta blir gjort gjeldande frå 01.07.2017, etter kunngjering i Norsk Lovtidend.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Stortinget vedtok i juni 2016 endringar i pasient- og brukarrettighetslova og i helse- og omsorgstenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester, kriterier og ventelister. Pasient eller brukar som fyller kriteria for tildeling av langtidsopphald eller opphald i tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester etter helse- og omsorgstenestelova §3-2 a, andre ledd, har rett til vedtak om dette, jf pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 e, første ledd. Retten er knytt til helse- og omsorgsfagleg vurdering av kva tilbod som kan sikre pasient eller brukar nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Endring i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a medfører plikt for kommunane til å utarbeide forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester. Kommunen skal fatte vedtak om kriteria er oppfylt, og føre venteliste over pasientar og brukarar som ventar på langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad. Forskrifta skal og omfatte pasientar og brukarar som ville vere best tente med slikt opphald, men der det er forsvarleg at vedkomande bur heime i påvente av opphald. Kommunen skal då svare for korleis dei vil følgje opp i ventetida (jf lov om kommunale helse- og omsorgstenester §3-2 a).

Meininga med forskrifta er å bidra til å gjere tildelingsprosessen opnare og meir føreseieleg.

Regjeringa har som mål å:

- vesentleg styrke rettane til omsorgstrengande
- gjere tydeleg at alle med trong for omsorg skal få ei vurdering om rett nivå for denne, som ikkje er knytt til kommunen sin kapasitet
- legge sterkare press på kommunane, gjennom openheit om kriterier for tildeling og ventelister

Vurdering

Endringane i lovverket handlar om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og bustad særskilt lagt til rette for heildøgntenester. I Osterøy kommune er det per i dag ikkje bufellesskap som særskilt er lagt til rette for heildøgntenester. Bufellesskap for eldre med heildøgns tenester inngår i dag som helsetenester i heimen, og ikkje som helseteneste i institusjon som sjukeheim jf helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a. Dei som bur heime i private bustader og omsorgsbustader, får tenester av heimetenesta. Heimetenester kan bli gitt heile døgeret, i hovudsak på fastsette tider utfrå brukaren sitt behov.

Osterøy kommune støttar utarbeiding av forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim. Forskrifta er ikkje avhengig av diagnose, og gjeld i hovudsak for personar over 67 år. Osterøy har ulike tenester til personar med trong for helse- og omsorgstenester på dei ulike nivåa i omsorgstrappa. Dette for å kunne møte auke i trong for hjelp med meir omfattande tenestetilbod av ulik art. Osterøy kommune legg til grunn at prinsippet om beste effektive omsorgsnivå (BEON) skal følgjast ved tildeling av tenester. Dette har påverka utforminga av kriteria.

I vurdering av trong for helse- og omsorgstenester hos den enkelte har Osterøy kommune valgt å følge gjeldande retningslinjer og nasjonale føringar, dette gjeld og val av kartleggingsverktøy. Andre helseopplysingar som epikrise, heimebesøk, munnleg informasjonsutveksling gir og grunnlag for vurdering. Dei forholda som blir vurdert, er den enkelte si evne til omsorg for seg sjølv, mental tilstand, nettverk og kva omsorgsevne dette har, butilhøve, endring i helsetilstand og kognitiv funksjon. Dei ulike tenestene blir tildelt med bakgrunn i desse vurderingane.

For å bli vurdert for langtidsplass i sjukeheim, skal hjelpetrongen vere omfattande. Den skal vere vanskeleg å tidfeste, og andre tenester i omsorgstrappa skal vere prøvd og ikkje funne dekkande for nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Det betyr at dei fleste med middels til stor hjelpetrong vil få tenester i heimen så lenge dette er forsvarleg.

Om høyringa

Det er ein månad høyringsfrist, og frist for å gi svar er 04.06.2017. Høyringsssvar skal sendast skriftleg til postmottak@osteroy.kommune.no. Merk svaret med «Svar på høyring om forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheime i Osterøy kommune».

Høyringa er open, og både organisasjonar og privatpersonar kan svare på denne. Oversikt over høyringsinstansar ligg som vedlegg. Vi ber om at alle bidreg til å videresende høyringa dersom det er nokon som manglar på lista. Høyringsnotatet ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Folkehelse – ingen endring i høve situasjonen i dag
Miljø – ingen endring i høve situasjonen i dag
Økonomi – ingen endring i høve situasjonen i dag

Konklusjon

Med bakgrunn i det ovannemnde har sektor Helse, omsorg og sosial utarbeidd forslag til forskrift. Sektoren vil sjå til at denne blir informert om i befolkninga, mellom anna blir den presentert for eldrerådet 25.04.17. Den vil og bli lagt ut på kommunen si heimeside i høyringsperioden.

Høyringsfristen er ein måned, og frist for å gje høyringssvar er 04.06.2017. Sektorleiar har ansvar for at høyringssvar blir teke med når saka skal opp i formannskapet 07.06.2017. Forskrifta trer i kraft 01.07.2017, etter vedtak i heradstyret 21.06.2017.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Vedlagte saksdokument:

Forslag til Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon	124328	11.04.2017
Høyringsinstansar - høyring om forslag til forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Osterøy kommune	124327	11.04.2017



Osterøy kommune

Sektor for helse, omsorg og sosial

Vedlegg til høyringsnotat

Høyringsinstansar – høyring om forslag til forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Osterøy kommune

Eldrerådet

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Pensjonistlaget i Osterøy kommune

Helselaga i Osterøy kommune

Fastlegane i Osterøy kommune

Norsk Sjukepleiarforbund, Osterøy kommune

Fagforbundet, Osterøy kommune

FO, Osterøy kommune

Post

post@osteroy.kommune.no
Dokumentsenteret
5282 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto

Org.nr. 864.338.712



LOKAL FORSKRIFT OM RETT TIL LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM I OSTERØY KOMMUNE

HEIMEL: Fastsett av Osterøy heradsstyre (xx.xx.2017) med heimel i lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. av 24. juni 2011 nr. 30 (helse- og omsorgstjenestelova) § 3-2a, andre ledd, jf lov 2.juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (Pasient- og bruker rettighetslov) § 2-1e.

§ 1 Formål

Forskrifta sitt formål er å sikre at pasient eller brukar får nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester, jf helse- og omsorgstjenestelova § 3-2a, i samsvar med rettane definert i Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1e.

Forskrifta skal

- a) tydeleggjere Osterøy kommune sine kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt til rettelaagt for heildøgns tenesteyting,
- b) fastsette kriterier for å bli sett på venteliste til langtidsopphald i sjukeheim, samt
- c) skildre korleis pasient eller brukar kan ivareta kast i ventetida.

§ 2 Lovgrunnlag

Heimel for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim er lov av 2.juli 1999 nr. 63 om pasient og brukerrettighet § 2-1a andre ledd og §2-1e første ledd, jf lov av 24.juni 2011 nr.30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd nr. bokstav c og § 3-2a første ledd.

§ 3 Virkeområde

Forskrifta gjeld personar som kommunen har ansvar for å yte tenester til etter helse- og omsorgstjenestelova og pasient- og brukerrettighetslova.

§ 4 Definisjonar

Langtidsopphald er opphald i sjukeheim på ubestemt tid.

Ein **sjukeheim** er ein helseinstitusjon som fell inn under forskrift 16.desember 2100 nr.1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav d og e og § 2.

Tilsvarande bustad særskilt til rettelaagt for heildøgns tenesteyting er og omfatta av omgrepet sjukeheim, dersom det

- a) er mogeleg å gi døgntilgjengelege tenester
- b) er mogeleg å føre tilsyn med pasient eller brukar tilsvarande som i sjukeheim
- c) det er mogeleg å motta tenester frå helse- og omsorgspersonale med kompetanse tilsvarande som personale vanlegvis har i sjukeheim
- d) det er mogeleg å tilkalle hjelp og responstida før personalet kan kome til bustaden er tilsvarande som i sjukeheim, og som kommunen tildeler disposisjonsrett til

Osterøy kommune gir langtidsopphald i institusjon ved Osterøytunet. Hauge bufellesskap kjem ikkje inn under forskrift om tildeling av langtidsplass i institusjon, då dette tilbodet ikkje stettar krav til sjukeheimsdrift, jf forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie. Forskrifta omfattar denne type teneste når dette eventuelt blir eit tilgjengeleg tilbod.

§ 5 Søknad og vedtak, ansvar og mynde

Vurdering, tildeling eller avslag skjer på bakgrunn av søknad, helseopplysingar og vurdering av hjelpebehov. Søknad skal vere underskriven av søkjar sjølv, eventuelt av verge dersom søkjar vert vurdert som ikkje samtykkekompetent, jf vergemålslova . Søknad om langtidsopphald i sjukeheim ved Osterøytunet blir vurdert av inntaksnemnda, som fattar enkeltvedtak i saka. Kommunen skal fatte vedtak om innvilga eller avslått søknad om langtidsopphald i sykehjem.

For pasient eller brukar som fyller kriteria for langtidsplass i sykehjem, men som med forsvarleg hjelp kan ha eit anna tenestetilbod i påvente av langtidsopphaldet, skal kommunen fatte vedtak om at brukar blir sett på venteliste. Kommunen skal fatte vedtak om nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester i mellomtida.

Mynde for enkeltvedtak ligg hos leiar ved forvaltningskontoret for helse- og omsorgstenester.

§ 6 Kriterier for rett til vurdering og tildeling eller avslag på langtidsopphald i sjukeheim

Osterøy kommune nyttar prisnipp om beste effektive omsorgsnivå (BEON) ved tildeling av tenester og tiltak i omsorgstrappa jf helse og omsorgsplan 2013-2022.

Pasienten har ut ifrå ei helse- og omsorgsfaglig vurdering rett til langtidsopphald i sjukeheim dersom

- a) pasient eller brukar har eit ønske om langtidsplass, og
- b) pasient eller brukar er over 67 år – unntak kan vurderast -, og
- c) pasient eller brukar har eit hjelpebehov der Osterøy kommune berre kan tilby nødvendig kompetanse og tilgang på utstyr for å sikre helseoppfølging og behandling, i sjukeheim. Dette vil for dei fleste brukarar gjelda i slutfasen av livet, men kan og gjelda brukarar med særskilte og omfattande bistands- og tilsynsbehov, og der helsetilstanden er vurdert som varig, og
- d) alle mindre inngripande hjelpetiltak er prøvde og vurderte. Slike tiltak kan t.d. vera utprøving av tilgjengelege hjelpemiddel, støttekontakt, dagtilbod, velferdsteknologi når kommunen har tatt dette i bruk auka volum i heimetenester gjennom heile døgeret, omsorgsløn, avlastnings- eller korttidsopphald, alternativ tilrettelagd bustad. Likevel er det slik at personer som bur heime med behov for meir enn 30 timebaserte tenester i heimen per veke, der behovet for tenester kan tidfestast, kan vurderast for langtidsplass, og
- e) pasient eller brukar, pårørande og Heimetenesta ser det som medisinsk og /eller fagleg uforsvarleg å ivareta søkjar sine behov i eit avgrensa tilsyns- og behandlingstilbod, og
- f) kriteria for medisinsk pleie og behandling saman med ei vurdering av dei sosiale tilhøva pasienten eller brukaren lever i, synleggjer eit sterkt og vedvarande behov for heildøgns tilsyn og omsorg.

§ 7 Tilleggs-kriterier for langtidsopphald i skjerma avdeling

I tillegg til kriteria i § 4, gjeld følgjande for skjerma avdeling:

- a) pasient eller brukar skal ha ein demensdiagnose eller demenslignande åtferd,

- b) pasient eller brukar sitt behov for miljøterapeutisk tilrettelegging skal vere større enn behovet for pleie,
- c) pasient eller bruker har behov for skjerming i ei tilrettelagt avdeling, og
- d) pasient eller bruker har stort behov for ein føreseieleg og stabil kvardag.

§ 8 Rett til å bli satt på venteliste

Om søkjar fyller kriteria for langtidsopphald, men kan få forsvarlege helse- og omsorgstenester i eigen heim i påvente av langtidsopphald, skal kommunen sette søkjar på vente/observasjonsliste om det ikkje er ledig plass. Ved ledig plass skal alle på ventelista vurderast av inntaksnemnda. Ved tildeling skal den med vurdert størst hjelpebehov ut frå kriteria i §§ 6 og 7 prioriterast.

§ 9 Tiltak i påvente av langtidsopphald i sjukeheim

Pasientar med vedtak og som ventar på langtidsopphald ved Osterøytunet skal få andre tenester for å sikre nødvendig og forsvarleg helsehjelp i ventetida. Dette kan til dømes vere heimesjukepleie, praktisk bistand, dagsentertilbod, støttekontakt, korttidsopphald, avlastingsopphald og/eller andre tenester. For pårørande der pasienten mottek hovudomsorga frå denne, er det mogleg å søkje om avlastande tiltak for særleg tyngande omsorgsoppgåver.

§ 10 Klage

Vedtak etter denne forskrifta kan klagast inn for Fylkesmannen i Hordaland, jf pasient- og brukerreteighetslova § 7-2. Ein klage skal vere skriftleg, jf pasient- og brukerreteighetslova.

Ein eventuell klage skal sendast til forvaltningskontoret, helse omsorg og sosial, som tar saka til vurdering i første instans. Om det ikkje blir vurdert omgjering av vedtak skal kommunen sende klagen vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Klagefrist er 4 veker, og skal framgå av vedtaket jf pasient- og brukerreteighetsloven § 7-5.

For nærare opplysingar, eller ved behov for hjelp til å fremje ein eventuell klage, ta kontakt med

Sektor helse, omsorg og sosial
v/leiar ved forvaltningskontoret
Rådhusplassen
5282 LONEVÅG

§ 11 Iverksetting

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2017.



Osterøy kommune
v/Ordføraren
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3409 - 17/6999

Saksbehandlar:
Kåre Hagebø
turid.reigstad@osteroy.kommune.no

Dato:
05.04.2017

Etablering av gangsti mellom busslomme ved sjukeheimen og OPRO

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne hadde møte i Osterøy rådhus 04.04.17. Ovannemnde sak vart då handsama, og det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det vert etablert gangsti mellom fortauet ved busslomma utanfor Osterøy sjukeheim og OPRO, og at denne stien vert brøyta og strødd ved behov.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Kåre Hagebø
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Osterøy kommune

v/sektorleiar Roald 5282
Hovden

LONEVÅG

Post

post@osteroy.kommune.no
Rådhusplassen
5282 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712



Osterøy kommune
v/ordføreren
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3409 - 17/6919

Saksbehandlar:
Kåre Hagebø
turid.reigstad@osteroy.kommune.no

Dato:
05.04.2017

Vedkomande parkering i området ved Valestrand legekantor

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne hadde møte i Osterøy rådhus, tysdag 04.04.17.
Ovannemnde sak vart då handsama, og det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne viser til brev frå Osterøy revmatikarlag av 08.02.17, og ber om at det vert sett opp skilt om reserverte plassar til parkering for besøkjande til legekantoret på Valestrand.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Kåre Hagebø
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Helgesen Tekniske-Bygg

5281

VALESTRANDSFOSSEN

Post

post@osteroy.kommune.no
Rådhusplassen
5282 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712



Osterøy kommune
v/ordfører/rådmann
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3409 - 17/6923

Saksbehandlar:
Kåre Hagebø
turid.reigstad@osteroy.kommune.no

Dato:
05.04.2017

Innspill om sak hjelpemiddelordningen i kommunene - høring nasjonalt

Vi viser til e-post av 22.03.17 frå FFO Hordaland, vedlagt sak til kommunale råd frå Norges Handikapforbund, FFO og Ergoterapeutene, 15. mars 2017, med forslag til innstilling i kommunale råd. «Kommunalt råd for funksjonshemmede ber kommunen, ved kommunestyre eller formannskap, om å avgi høringsuttalelse på Ekspertutvalgets rapport «En mer effektiv og fremtidsrettet hjelpemiddelformidling», med høringsfrist 21. mai. Forslaget om å overføre viktige oppgaver, rettigheter, finansiering og faglig formidling fra staten til kommunene må avvises.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne hadde møte i Osterøy rådhus, tysdag 04.04.17. Ovannemnde sak vart då handsama, og det var semje om å slutta seg til slikt forslag til innstilling:

"Kommunen mener retten til hjelpemiddel fortsatt skal ligge i folketrygden med et statlig finansieringsansvar og et nasjonalt formidlingsstystem for faglig rådgivning og utlån av hjelpemidler. Dette vil sikre funksjonshemmede tilgang til nødvendige hjelpemidler på alle livsområder slikt at grunnleggende menneskerettigheter blir ivarettatt.

Retten til hjelpemidler må ikke være avhengig av geografisk bosted og kommuneøkonomi. Staten bør forbedre hjelpemiddelformidlingen ved å styrke kommunenes ergoterapitilbud og rehabilitering, utvikle bedre IKT-løsninger og gjøre forenklinger.

At innbyggere, gjennom folketrygden, er sikret hjelpemidler som kompensierer for funksjonsnedsettelse vil ha betydning for et levende lokaldemokrati der alle kan delta."

Rådet menneske med nedsett funksjonsevne

Kåre Hagebø
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.